

Eid kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 25.11.2014
Møtestad: Eid kommunehus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, revisor i sak 45, 46 og 47, rådmannen i sak 45

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
043/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
044/14	Skriv og meldingar
045/14	Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av vedtak - rapport
046/14	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014
047/14	Rekneskapsrevisjon - informasjon om plan og status
048/14	Reglement for kontrollutvalet
049/14	Oppfølgingsliste 5 - 2014
050/14	Eventuelt

Med helsing

Roy André Høyenes Bruvoll
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 043/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/284
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 044/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/286
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.11.2014	Tilbakemelding til Fylkesmannen om tilsyn med kommunal beredskapsplikt datert 190814	815
11.11.2014	Rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Eid kommune juli 2014	814

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Vår ref.
14/608-5/K2-X20//ELE

Dykkar ref.
2014/535 - 350

Dato:
19.08.2014

TILSYN MED KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT - TILBAKEMELDING

Viser til tilsynsrapport oversendt 24.07.2014, der de ber om at vi innan 8 veker sender ein plan for oppfølging av denne rapporten.

***Avvik 1:** Kommunen manglar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2).*

Kommunen har starta arbeidet med oppdatering av overordna ROS-analyse i samsvar med påviste avvik. I dette arbeidet nyttar vi den nye rettleiaren frå dsb, «*Helhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen*». Vi har merka oss sentrale risikotema, der gjeldande analyse er mangelfull, og dette vil verte innarbeidd. Målsetjinga er å leggje fram revidert ROS-analyse til godkjenning i kommunestyret i desember 2014.08.19. Overordna ROS-analyser vil såleis ligge føre i desember 2014, og kan oversendast til fylkemannen før nyttår.

***Avvik 2:** Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er ikkje tilfredsstilt (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3).*

Som del i arbeidet med oppdatering av overordna ROS-analyse vil vi også utarbeide klare rutiner for oppfølging av analysen. Gjeldande samfunnsdel har ikkje klare mål og strategiar for beredskapsarbeidet. Dette vil vi i første omgang rette på ved å innarbeide temaet i handlingsdelen, som vert rullert kvart år. Ved neste revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel må resultat må ROS-analysane ligge til grunn, og verte integrert i arbeidet. Rutineskildding ville ligge føre i desember 2014, jf avvik 1.

***Avvik nr 3:** Kommunen har ikkje eit system for øving og opplæring (jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7).*

Skriftlege rutinar for øving og opplæring er lagt ved (vedlegg). Rutinar er lagra i «Kvalitetslosen», under sektorovergripande internkontroll/beredskapsplanar

Avvik nr 4: Kommunen har ikkje eit system for evaluering av øvingar og hendingar (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 8)

Skriftlege rutinar for evaluering er no utarbeidde (vedlegg). Rutinar er lagra i «Kvalitetslosen», under sektorovergripande internkontroll/beredskapsplanar

Merknad nr 1: Vi er samde i at overordna beredskapsplan bør gjerast meir praktisk og brukarvenleg. Handlingsdelen i kommuneplanen legg opp til at beredskapsplanen skal reviderast i 2014, men vi reknar ikkje med å kunne ferdigstille dette arbeidet før i 2015.

Oppsummering:

Vi reknar med å lukke avvik 1 og 2 før utgangen av 2014. Våre plikter etter beredskapsforskrifta §§ 7 og 8 er no sett i system, og gjort tilgjengeleg for dei ansvarlege. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar og råd frå beredskapsavdelinga, med sikte på forbetring av rutinar og samfunnstryggleik.

Beredskapsplanen vert arbeidd med, og omarbeidd versjon skal ligge føre i 2015.

Med helsing

Elin Leikanger
Konstituert Rådmann
57885861



Rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Eid kommune

1. Bakgrunn for tilsynet

Føremålet med tilsynet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29, og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

2. Hovudinntrykk

Eid kommune sin heilskaplege ROS-analyse tilfredstillar ikkje krava i sivilbelyttelseslova og forskrifta til denne. Kommunen har ikkje skriftlege rutinar for opplæring og evaluering, slik forskrifta krev.

Kommuneleiinga viste god forståing for fagområdet og for dei problemstillingane som vart drøfta under tilsynet. Arbeidet knytt til kommunen sine samfunnstryggleiks- og beredskapsoppgåver er forankra i kommunestyret.

Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse, men kommuneleiinga erkjenner at det står att noko arbeid med den. Det står òg att å sikre ein god nok samanheng mellom det overordna samfunnstryggleiksarbeidet og arbeidet ute i einingane.

3. Intervju

Desse vart intervjuar:

- Ordførar Alfred Bjørlo
- Rådmann Ørjan Raknes Fortun
- Kommunalsjef Elin Leikanger og avdelingsleiar Terje Moldestad

I tillegg var følgjande med på opningsmøte og gruppeintervju:

- Plan- og utviklingssjef Kristine Dahl
- Kommunalsjef Harald Sivertsen
- Kommunalsjef Kari Krogh
- Driftssjef Tore Nyhammer-Taklo
- Brannsjef Ketil Nord.

4. Resultat frå tilsynet

4.1. Definisjonar

Avvik: Brot på krav i lov eller i forskrift.

Merknad: Funn som det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

4.2. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under tilsynet:

Avvik nr. 1: Kommunen manglar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2).

Utdjupande kommentar:

Den overordna ROS-analysen skildrar relevante uønskte hendingar i kommunen, og inkluderer i nokon grad vurderingar av førebyggjande og skadereduserande tiltak. Analysen er likevel mangelfull når det gjeld overordna vurderingar og omtale av tiltak som er aktuelle for kommuneleiinga.

Analysen har mangelfulle vurderingar av sentrale risikotema som:

- sårbarheit i allereie utbygde område
- klimaendringar
- særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- kommunen si evne til å oppretthalde verksemda under ulike påkjenningar
- analyse av behovet for befolkningsvarsling og evakuering

Avvik nr 2: Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er ikkje tilfredsstilt (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3).

Utdjupande kommentar:

Kommunen har ikkje ein plan for korleis den skal følgje opp ROS-analysen.

ROS-analysen skal vere grunnlaget for langsiktige mål, strategiar, prioriteringar eller plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen må vurdere om det er forhold i den heilskaplege ROS-analysen som bør integrerast i planar eller prosessar etter plan- og bygningslova.

Avvik nr 3: Kommunen har ikkje eit system for øving og opplæring (jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7).

Utdjupande kommentar:

Beredskapsplanen skal øvast annan kvart år. Det skal vere eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kriseleiinga har tilstrekkelege kvalifikasjonar. Kommunen har ikkje dokumentert at den har skriftlege rutinar for øving og opplæring.

Avvik nr 4: Kommunen har ikkje eit system for evaluering av øvingar og hendingar (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 8)

Utdjupande kommentar:

Kommunen må ha skriftlege rutinar for evaluering av øvingar og uønskte hendingar. Det skal gjerast nødvendige endringar i ROS-analysen og beredskapsplanar når evalueringar gir grunnlag for det. Kommunen har ikkje dokumentert at den har skriftlege rutinar for evaluering av øvingar og uønskte hendingar.

4.3. Merknad

Merknad nr. 1:

Kommunen har ein overordna beredskapsplan som oppfyller krava i forskrifta. Vi tilrår likevel at planen gjerast meir praktisk og brukarvennleg, og at det vert laga tiltakskort.

5. Dokument

Følgjande dokument vart brukt under tilsynet:

- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse 2014
- Etablering av kriseleiing i Eid kommune
- Møtebok Eid kommunestyre, datert 27.03.14

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Eline Orheim
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 045/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/153
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av vedtak - rapport

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.09.2014	Oppfølging av vedtak - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2014	539

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

1. Rapport frå forvaltningsrevisjon om oppfølging av vedtak vert teken til orientering.
2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp tilrådingane på side 4 i rapporten.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til rapporten frå Kommunerevisjonen i Nordfjord som ligg ved saka. Problemstillingar som er undersøkte (side 4):

Det er to problemstillingar som er forsøkt svara på:

1. Har Eid kommune etablert system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak i kommunen?
2. Blir kommunale vedtak oppfylt, og innanfor evt tidsfrist?

I samandraget på side 4, er også konklusjon og tilråding samla. Konklusjonane i rapporten:

Konklusjon

Det er organisert system med rutinar for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Vi har sett at det kan mangle

- tilfredsstillande annonsering
- oppdatering av avtalar

Vi har sett at administrasjonen ikkje alltid rapporterer

- i den form som er vedteke
- innan dei tidstristar som er sett i vedtaka
- til det organet som har gjort vedtaket

Vi har sett at det kan stillast spørsmål, om administrasjonen oftare bør protokollere administrative vedtak.

Kommunerevisjonen i Nordfjord kjem med desse tilrådingane.

Tilråding

Det bør bestemmast i reglement, i rutinar eller i det enkelte vedtak

- at vedtaksorganet skal ha skriftleg tilbakemelding når vedtak ikkje let seg gjennomføre
- at utnemning av kommunale deltakarar til utval, som rådmannen gjer, skal gjerast skriftleg (administrativt vedtak)
- korleis utsetjing av søknadsfristar skal kunngjerast
- korleis/når vedtak om endring av avtalar skal gjerast

På side 14 i rapporten er rådmannen sin uttale teken inn. Rådmannen innleiar med å seie seg i hovudsak samd i kommunerevisjonen sine konklusjonar. Tilrådingar om utarbeiding av reglement er kommentert. Spesielt, har rådmannen kommentert at det ikkje er berre i reglement at oppfølging kan vedtakast. Etter uttalen, har revisor endra på tilrådinga (sjå side 15):

1 Revisor er samd med rådmannen i at det ikkje er berre i reglement det kan bestemmast korleis sakene skal følgjast opp.

Under tilråding er det derfor gjort slik retting:

Det bør bestemmast i reglement

er i rapporten retta til

Det bør bestemmast, for eksempel i reglement, rutinar eller i det enkelte vedtak

Rådmannen har også kommentert at oppnemning av administrative medleamar i utval ikkje formelt er eit vedtak etter forvaltningslova. Sekretariatet forstår innhaldet i rapporten slik at det ikkje er statusen til oppnemninga som er det viktigaste i punktet, men at slike oppnemningar vert gjort skriftleg og rapportert til aktuelt politisk organ. Frå uttalen: «Rådmann er samd i at utnemning av deltakarar skal vere skriftleg, og refererast til vedtaksorganet».

Sekretariatet si tilråding er at rapporten vert teken til orientering og at rådmannen får i oppdrag å følge opp tilrådingane.

I ein del høve, rår sekretariatet til at oppfølging t.d. i form av at rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga kjem inn i vedtaket. Dette er særleg aktuelt når det er funne fleire, alvorlege eller samansette manglar. I dette høvet, meiner vi oppfølginga er såpass avgrensa at dette ikkje er naudsynt som ein del av vedtaket. Det kan likevel vere aktuelt for kontrollutvalet å kalle rådmannen inn om ca 1/2 år for å orientere om oppfølginga.



**Kommunerevisjonen
i Nordfjord**

*Rapport nr.
2.1-03-026*

Rapport forvaltningsrevisjon

Oppfølging av vedtak i
Eid kommune

2014



FORORD

Denne forvaltningsrevisjonsrapporten er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet.

Prosjektet er gjennomført i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon.

Revisjonen har vurdert eigen uavhengigheit i høve krav stilt i forskrift for revisjon i kommunane. Vi kjenner ikkje til forhold som er eigna til å svekke tilliten til vår uavhengigheit og objektivitet.

Rapporten har vore sendt rådmannen til uttale og hans kommentarar er vedlagt.

Vi vil takke administrasjonen for godt samarbeid, og vil spesielt nemne at snarleg tilbakemelding har vore til stor hjelp for å få prosjektet gjennomført på ein effektiv måte.

Stryn, den 29.09.2014

Markvard Sunde
Revisjonssjef

INNHALD

SAMANDRAG	4
1 INNLEIING	5
1.1 BAKGRUNN FOR PROSJEKTET/ BESTILLING	5
1.2 PROBLEMSTILLINGAR	5
1.2.1 Avgrensing	5
1.3 REVISJONSKRITERIUM	5
1.4 METODE	6
2 ER DET ETABLERT SYSTEM FOR OPPFØLGING OG EFFEKTUERING AV POLITISKE VEDTAK I KOMMUNEN ?	7
2.1 VURDERING	7
2.2 KONKLUSJON.....	8
3 BLIR VEDTAK OPPFYLT OG INNANFOR EVT TIDSFRIST ?	9
3.1 VURDERING – OPPSUMMERING	13
3.2 KONKLUSJON OG TILRÅDING	13
4 UTTALE FRÅ RÅDMANNEN	14
5 RETTING OG KOMMENTARAR ETTER UTTALE	15
LITTERATUR-/(OG /ELLER) DOKUMENTOVERSIKT.....	15
VEDLEGG.....	15

SAMANDRAG

Denne revisjonen er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet. Formålet er opplyst å vere at dei styrande i Eid kommune ynskjer ei vurdert, om administrasjonen følgjer opp politiske vedtak i samsvar med gjeldande lover.

Det er to problemstillingar som er forsøkt svara på:

1. Har Eid kommune etablert system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak i kommunen?
2. Blir kommunale vedtak oppfylt, og innanfor evt tidsfrist?

Rapporten har vore sendt rådmannen til uttale, og uttalen er kopiert inn bak i rapporten (del 4).

Konklusjon

Det er organisert system med rutinar for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Vi har sett at det kan mangle

- tilfredsstillande annonsering
- oppdatering av avtalar

Vi har sett at administrasjonen ikkje alltid rapporterer

- i den form som er vedteke
- innan dei tidstristar som er sett i vedtaka
- til det organet som har gjort vedtaket

Vi har sett at det kan stillast spørsmål, om administrasjonen oftare bør protokollere administrative vedtak.

Tilråding

Det bør bestemast i reglement, i rutinar eller i det enkelte vedtak

- at vedtaksorganet skal ha skriftleg tilbakemelding når vedtak ikkje let seg gjennomføre
- at utnemning av kommunale deltakarar til utval, som rådmannen gjer, skal gjerast skriftleg (administrativt vedtak)
- korleis utsetjing av søknadsfristar skal kunngjerast
- korleis/når vedtak om endring av avtalar skal gjerast

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for prosjektet/ bestilling

Prosjektet er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet, datert 28. januar i år.

Formålet med prosjektet er i tingsdokumentet opplyst å vere at dei styrande organ i Eid kommune ynskjer vurdert om administrasjonen følgjer politiske vedtak i samsvar med gjeldande lover.

1.2 Problemstillingar

I bestillinga er det opplyst om tre aktuelle problemstillingar:

1. Har Eid kommune etablert system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak i kommunen?
2. Blir kommunale vedtak oppfylt, og innanfor evt tidsfrist?
3. Korleis fungerer administrasjonen sin rapportering attende til politisk nivå?

Vi vurderer at problemstillingane i bestillinga frå kontrollutvalet er tilfredsstillande konkretiserte, men har i arbeidet med prosjektet valt å sjå på problemstilling 3 om «rapportering» som del av problemstilling 2 om «oppfølging» av vedtak.

1.2.1 Avgrensing

I bestillinga har kontrollutvalet avgrensa prosjektet til å omfatte vedtak i formannskap og kommunestyre gjort i 2012 og 2013.

Det har vore skifte i rådmannstillinga. Ein kom ikkje i gong med å sjå på formannskapssakene i 2012 medan avtroppande rådmann kunne spørjast, og etterpå har vi valt å spørje kontrollutvalet om å unnlate å sjå på formannskapssakene frå 2012. Dette vart orientert om til kontrollutvalet i møte den 10. september, jf sak 38/2014.

I vedtaka er det ofte mange punkt som skal følgjast opp av administrasjonen. Vi har valt å sjå på det som vi har sett som prioritert/avgjerande for at saka er rett handsama. Det kan derfor vere punkt til oppfølging som vi har valt å ikkje sjå på.

1.3 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normer og/eller standardar som problemstillingane må vurderast i forhold til.

For problemstilling 1 «Har Eid kommune etablert system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak i kommunen?» finn vi slike *kriterium*:

i kommunelova § 30 nr 3

- «Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.»

i kommunelova § 23 nr 2

- «Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt.»

For problemstilling 2 «Blir kommunale vedtak oppfylt, og innanfor evt tidsfrist?» finn vi krava som blir stilt i kvart enkelt vedtak. Rapporten vil derfor m.t.p. denne problemstillinga bli *ei undersøking*:

- Er vedtaka oppfylt m.o.t. dei krav som er stilt i det enkelte vedtaket?

1.4 Metode

Innsamling av data er gjort i samtalar med rådmannen og spørsmål til kontaktpersonar i administrasjonen oppnemnt av rådmannen. Vidare gjennom reglement og rutinespesifikasjonar samt vedtak i møteprotokollar.

Førebels rapport blei sendt til administrasjonen for uttale 17.09.2014, og høyringsuttale vart motteke 26.09.2014. Uttalen er kopiert inn i rapporten; del 4.

2 ER DET ETABLERT SYSTEM FOR OPPFØLGING OG EFFEKTUERING AV POLITISKE VEDTAK I KOMMUNEN ?

Kriterium 1: Har kommunen fastsett reglar om føring av møtebok?

I reglement for Eid kommunestyre, datert 23.11.2008, er det i § 24 bestemt reglar om føring av møtebok.

Kriterium 2: Syter administrasjonssjefen for at alle vedtak gjort i folkevalde organ blir sett i verk, jf kommunelova § 23 nr 2.

Kommunen har elektronisk saksbehandlingssystem og har utarbeidd praktiske reglar for bruk av systemet. Det går m.a. fram av reglementet korleis inngåande post skal behandlast, registrerast, svarast på og arkiverast. Dette var sist oppdatert i juli i år.

Kommunen abonnerer på eit elektronisk system, Kvalitetslosen, for dokumentasjon av rutinar og varsling. Her finn vi m.a. reglar for sakshandsaming i kommunen sitt sakshandsamarsystem Acos WebSak og arkivplan.

Rådmannen opplyser om at administrasjonen f.o.m. august i år har etablert rutinar for oppfølging av politiske vedtak og at rutinedokumentasjonen er innlagt i Kvalitetslosen. Vi finn der:

Administrasjonen etablerer frå 01.08.2014 følgjande rutinar for oppfølging av politiske vedtak:

1. Det vert oppretta ei sak i Acos med tittel «Oppfølging av politiske vedtak» for kvart av dei politiske utvala og kommunestyret.
2. For kvart av utvala/kommunestyret vert alle saker og vedtak/tilrådingar listeført kronologisk etter kvart møte.
3. Lista vert referert for det respektive utvalet/kommunestyret i første påfølgjande møte.
4. Saker som ikkje skal vidare til politisk behandling, vert merka «Avslutta». I dette ligg også at vedtak er ekspedert.
5. Saker som er registrert «Avslutta» følgjer lista til første påfølgjande møte, og vert deretter teke ut av lista.
6. Alle saker følgjer lista inntil dei er «Avslutta».
7. Lista vert journalført og arkivert på ein slik måte at det er mogeleg å gå tilbake til eldre lister.

2.1 Vurdering

Kriterium 1 om føring av møtebok.

Kommunen har fastsett reglar om føring av møtebok.

Kriterium 2 om effektivering av vedtak

Det er krav i forvaltningslova om korleis administrasjonen skal gå fram ved ekspedering av vedtak. Elles er det dokumenterte rutinar i fagsystem og Acos Websak rundt dette. Der er også ein mal

«melding om vedtak» som kan nyttast ved enkeltvedtak og det er rutine for å legge ved standardformular om klage m.m.

Kriterium 2 om oppfølging av vedtak

Vi finn få lokale reglar om korleis saker skal følgjast opp av administrasjonen. Årsaka er truleg at sakene har forskjellig karakter der krava til oppfølging vil vere svært ulike.

I lov og forskrift kan det vere spesielle krav. Først og fremst forvaltningslova har generelle krav til oppfølging, for eksempel om det er snakk om enkeltvedtak eller forskrift. Elles er det spesielle krav i særlover, som at budsjettet skal ligge ute til offentleg ettersyn. Om lov- og forskriftskrav er følgt opp, har vi ikkje sett på.

Rutinen, som administrasjonen har organisert med å legge fram oversikt over rest saker til oppfølging for kvart politisk organ, gjer til at alle som vil kan ha oversikt over framdrifta i vedtaksoppfølginga.

2.2 Konklusjon

Det er organisert system med rutinar for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

3 BLIR VEDTAK OPPFYLT OG INNANFOR EVT TIDSFRIST ?

Då vi starta prosjektet, fekk vi frå rådmannen (som no er slutta) oversendt lister over saker i kommunestyret i 2012 og 2013 der det er kolonnar med overskriftene:

- til oppfølging
- plan/tiltak
- ansvarleg
- frist
- status
- konsekvens
- prioritet

Oversikta for 2012 er påført svært få opplysningar og slik rutinen er utarbeidd og dokumentert i Kvalitetslosen no, er tal kolonnar redusert. Kolonnane «konsekvens» og «prioritet» er stroke.

Rådmannen opplyste om at årlege oversikter over sakene i kommunestyret ville bli fortløpande ajourført og lagt fram for kommunestyret til orientering. Vidare er det meininga å utarbeide tilsvarande oversikt for formannskaps sakene. Oversikta er offentlig og gjer det mogleg for alle og ein kvar å kunne følgje med på om vedtaka blir oppfylt som bestemt. Dette var det rådmannen som no er slutta som opplyste om, og konstituert rådmann har følgd opp dette og har allereie lagt inn rutinen i Kvalitetslosen.

Oversikta vart første gong lagt fram for kommunestyret i møte 8. mai, sak nr 48, der rådmannen orienterte om den. I og med at denne oversikta allereie er presentert for kommunestyret, og framlegging av liste er gjort til fast rutine i alle politiske organ frå og med august, avgrensar vi gjennomgangen her til å gi ei oversikt over dei sakene som vi har funne å gi «merknad» til eller som manglar oppfølging, jf vedlegg 1 og 2.

	Ok – men med merknad	Manglar oppfølging
Kommunestyrevedtak 2012	2	2
Kommunestyrevedtak 2013	3	2
Formannskapsvedtak 2013	4	0

Kommunestyrevedtak 2012 – OK-men med merknad – to saker:

K-sak 018/12 Harpefossen Skisenter AS – garanti til Kulturdepartementet for tildelte spelemidler, der det i pkt 9 er vedteke:

Eid kommune ynskjer at det vert lagt fram rapport ein gong i halvåret der formannskapet får full oversikt over drift og økonomisk situasjon i Harpefossen Skisenter AS

Spørsmål:

Er det lagt fram rapport ein gong i halvåret i samsvar med det som er bestemt i pkt 9?

Svar:

Rapportar er motteke. Inngår i sakene ovanfor, men vil verte lagt fram som referatsak i framtida

Vurdering:

Det kan ikkje seiast å vere lagt fram rapportar som bestemt, men ut frå svaret frå rådmannen har formannskapet fått opplysningane dei har bedd om gjennom desse sakene. Det er lagt opp til at i framtida skal formannskapet få rapportane lagt fram som referatsaker.

K-sak 087/12 Handsaming av forstudierapport for samhandlingsprosjekt Felles døgnavdeling/intermediæravdeling for Nordfjordkommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn. Vedtak om oppstart av forprosjektet. Der er det i pkt 3 vedteke:

Det skal setjast ned eit avtale-/forhandlingsutval mellom kommunane (rådmenn og kommunalsjefar) og Helse Førde HF. Rådmennene utnemner dei kommunale representantane i utvalet.

Spørsmål:

Vi har spurt rådmannen om han har utnemnt dei kommunale representantane til utvalet og om det er gjort i administrativt vedtak?

Svar:

Rådmannen opplyser om at utnemninga ikkje er gjort i vedtaks form, og at utnemninga blir sett på som «arbeidsdeling» (plassering av arbeidsoppgåver hos tilsette i administrasjonen). Arbeidsdeling blir gjort gjennom instruering utan skriftleg dokumentering.

Vurdering:

Vi finn grunn til å stille spørsmål ved, om utnemning av kommunale deltakarar bør gjerast på ein måte som gjer at det offentlege kan bli opplyst om utnemninga. I tilfelle bør slike vedtak vere skriftlege, bli protokollert og vidare referert i det organet som har bedd rådmannen gjere utnemninga.

Kommunestyrevedtak 2013 – OK-men med merknad – tre saker:

K-sak 051/13 Reksnes barnehage - sal av bygg

1. Rådmannen får i oppdrag å søkje og få sletta alle hefte på gbnr 122/7. Eigedommen vert deretter lagt ut for sal.
2. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne salssummen.

Spørsmål:

Har rådmannen utført vedteke oppdrag?

Svar:

Rådmannen har «begjært» sletting av heftet for å kunne gjennomføre sal av eigedomen. Det ligg føre svar frå Kartverket der det framgår at heftet, som er ei tinglyst urådserklæring, ikkje kan slettast no. Vidare ligg det føre svar frå advokatfirma, om at det er tidsfristar i Lov om løysingsrettar som gjer at kommunen ikkje får sletta urådet endå, men at det kan vere mogleg at fristen for sletting etter lova utgår allereie i juni neste år. Urådet er orientert om til formannskapet.

Vurdering:

Det er berre formannskapet som er orientert om at heftet ikkje kan slettast. Det er kommunestyret som har gitt oppdraget til rådmannen, og vi vil stille spørsmål om kommunestyret også skulle ha blitt orientert når rådmannen på grunn av ytre omstende, som han ikkje rår over, ikkje kan gjennomføre eit oppdrag han har fått.

K-sak 091/13 Bustadfelt i Kjølisdalen/Årdalsvika - avslutning av prosjektet

Fristen for kjøp av tomter i Kjølisdalen bustadfelt vert forlenga med eit år.

Spørsmål:

Er den forlenga fristen annonsert?

Svar:

Det ligg informasjon om tomtene på kommunen si heimeside. Vi har forresten starta eit prosjekt vedr betre marknadsføring av kommunale tomter.

Vurdering:

Vi finn grunn til å stille spørsmål om den forlenga fristen burde vore annonsert i lokale media.

K-sak 137/13 Godkjenning av ekstra tilskot knytt til fastlegeavtaler i Eid kommune

1. Ramme for avtale med fastlegane i Eid vert godkjent slik den går fram av saksutgreiinga.
2. Avtalepunkta skal innarbeidast i dei individuelle fastlegeavtalene.

Spørsmål:

Er avtalepunkta innarbeidde i dei individuelle fastlegeavtalene?

Svar:

RE opplyser at legane får godtgjort ut frå endra avtale, men at avtalene ikkje er endra
Vurdering:

Vedtaket er i samsvar med tilrådinga frå rådmannen, men til tross for dette er avtalane ikkje blitt endra endå.

Kommunestyresaker 2012 - manglar oppfølging – to saker:

K-sak 046/12 Strategi for arbeidsdeling innan næringsutvikling

Det vert føresett evaluering av strategien innan juli 2013.

Spørsmål:

Er det gjort evaluering av strategien innan fristen som var sett til «innan juli 2013».

Svar:

Får opplyst frå rådmannen at denne evalueringa vil bli gjort i haust.

Vurdering:

Evaluering er ikkje gjort og fristen som er sett er overskride.

K-sak 116/12: Klenkarberget Sommarcamp - Ny samarbeidsavtale 2013 - 2015

1. Eid kommune og Klenkarberget Sommarcamp inngår ei treårig samarbeidsavtale, gjeldande for somrane 2013, 2014 og 2015.

Spørsmål:

Har kommunen inngått avtalen som bestemt i pkt 1 i vedtaket, og er avtalen underskriven av begge partar?

Svar:

Avtalen er inngått og blir «praktisert», men er ikkje signert.

Vurdering:

Alle avtaler som det knyter seg vilkår til, og som ikkje blir oppgjort straks, må kunne provast. I dette høve er det mange vilkår bestemt i vedtaket, og det betyr at det er meir å kunne bli usamde om enn om det var få vilkår. Avtalen er skrive, men er ikkje signert, og det kan tolkast slik at der er vilkår i avtalen som partane ikkje er samde om.

Kommunestyresaker 2013 - manglar oppfølging – to saker:

K-sak 048/13 Bustadsosial Handlingsplan 2013 til 2023

Pkt 5: Formannskapet sluttar seg til omtalen i bustadsosial handlingsplan, kap. 8.1 om at bustadoppgåvene er spreidde på for mange område i Eid kommune. Formannskapet ønskjer at ein raskt får på plass ei samordna bustadteneste som omtalt i kap. 8.4, og at det blir lagt fram framlegg til ei slik organisering innan 01.10.13.

Spørsmål:

Er saka fulgt opp?

Svar:

Saka er fulgt opp med unnatak av at pkt 5 ikkje er avklara m.o.t. at det skulle leggest fram ei sak for formannskapet om «samordna bustadteneste». Frist var sett til 1. okt 2013.

Vurdering:

Saka er ikkje lagt fram innan fristen.

K-sak 095/13 Backup-serverrom for Felles IKT-driftsenter for Nordfjordkommunane

Ramma for prosjektet vert sett til kr 800.000,- ekskl mva, og vert finansiert frå unytta lånemidlar frå tidlegare avslutta investeringsprosjekt.

Spørsmål:

Held ramma som er sett? Jf pkt 2.

Svar:

Arbeidet med serverrommet er ikkje komme i gong. Årsaka er at arbeidet er funne for dyrt etter at det har vore lyst ut på anbod, og må derfor vurderast på nytt.

Vurdering:

I vedtaket står det ikkje noko om frist for gjennomføring, men i og med at det er snakk om eit serverrom for eit interkommunalt samarbeid som allereie er sett i verk, må ein gå ut frå at rommet skulle vore stilt til disposisjon. I revisjonen er vi kjende med at dagleg leiar i Brukarhjelp Nordfjordnett meiner det haster å få server-rommet i funksjon.

Formannskapsvedtak 2013 – OK, men med merknad – fire saker:

F-sak 001/2013

Vedtak:

Spørsmål:

Er ikkje dette saksnummeret brukt?

Svar:

Har sjekka i papirprotokollen og ser at det byrjar på sak 002/13 der også. Her skal systemet plukke opp «neste saksnummer» når det vert laga ny innkalling. Så her kan det vere at vi ved oppretting av saksnummer har sett saknr. 002 i staden for 001 som første sak på nyåret. Det kan og vere at det har vore sett opp referatsaker først som sak nr 001 og det har vist seg at det ikkje er meldt opp saker slik at referatsaker er blitt «teken bort». Dette skal i praksis ikkje skje, men kan likevel skje ved ein feil. Alt tyder at saknr. 001.2013 ikkje er brukt og derfor er saknr 002/13 første saka.

Vurdering:

Vi forstår det slik at det er gjort ein feil som gjer til at saksnummer 1 ikkje er brukt.

F-sak 072/2013 Søknad om støtte til Nordfjord Song Festival 2013

Eid kommune gjev ein underskotsgaranti på kr 10 000,- frå disposisjonsfondet – kto 25690001 til Nordfjord Songfestival -til dekning av kostnader i samsvar med søknad datert 20.11.2012

Spørsmål:

Skulle saka gått vidare til k-styret?

Svar:

Saka skulle gått til kommunestyret.

Vurdering:

Formannskapet har ikkje høve til å bruke av disposisjonsfondet. (Det har vore vanleg at formannskapet har hatt løyving på konto «til formannskapet sin disposisjon», men dette har blitt stroke i budsjettprosessen.) Det er snakk om «småpengar», men likevel nok til at det ikkje er funne rom i budsjettet til slike løyvingar.

F-sak 174/2013 Oppmoding om bidrag til TV-aksjonen 2013

Det vert løyvd kr. 2,- pr innbyggjar til TV-aksjonen. 2. Finansiering ubunde driftsfond 2.569.0001.

Spørsmål:

Skulle saka gått til kommunestyret?

Svar:

Saka skulle gått til kommunestyret?

Vurdering:

Lik sak 072.

F-sak 198/2013 Sogn og Fjordane 250 år – avslutningsmarkering på Eid november 2012

Det vert sett av ei ramme på kr 9 000,- til avslutningsarrangement i høve 250-årsjubileet til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfondet.

Spørsmål:

Skulle saka gått til kommunestyret?

Svar:

Saka skulle gått til kommunestyret.

Vurdering:

Lik sak 072 og 198.

3.1 Vurdering – oppsummering

Vi viser til vurderingane som vi har skrive til kvar enkelt sak og vil her berre oppsummere det som også går fram av tabellen ovanfor, at det er

- fem kommunestyresaker frå 2012 og 2013 og fire formannskapssaker frå 2013 som vi har funne å kunne stille spørsmål ved/komme med merknader til
- fire kommunestyresaker frå 2012 og 2013 manglar oppfølging

3.2 Konklusjon og tilråding

Konklusjon

Vi har sett at administrasjonen ikkje alltid rapporterer

- i den form som er vedteke
- innan dei tidstristar som er sett i vedtaka
- til det organet som har gjort vedtaket

Vi har sett at det kan mangle

- tilfredsstillande annonsering
- oppdatering av avtalar

Vi meiner det kan stillast spørsmål om administrasjonen oftare bør protokollere administrative vedtak.

Tilråding

Det bør bestemmast, f.eks i reglement, rutinar eller i det enkelte vedtak

- at vedtaksorganet skal ha skriftleg tilbakemelding når vedtak ikkje let seg gjennomføre
- at utnemning av kommunale deltakarar til utval, som rådmannen gjer, skal gjerast skriftleg (administrativt vedtak)
- korleis utsetjing av søknadsfristar skal kunngjerast
- korleis/når vedtak om endring av avtalar skal gjerast

4 UTTALE FRÅ RÅDMANNEN**EID KOMMUNE**

Nordfjord Revisjonsdistrikt
v/revisjonssjef Markvar Sunde
Tonniggata 4
6783 STRYN

Vår ref.
14/1192-3/K1-216, K2--/ELE

Dykkar ref.

Dato:
24.09.2014

FORVALTNINGSREVISJON I EID KOMMUNE

Viser til tilsendt rapport «Oppfølging av vedtak i Eid kommune». Rådmannen er i all hovudsak samd i kommunerevisjonen sine konklusjonar, men ønskjer å kommentere følgjande tilrådingar om utarbeiding av reglement:

- At vedtaksorganet skal ha skriftleg tilbakemelding når vedtak ikkje let seg gjennomføre
Merknad: Dette kan vi tilføye som eit nytt pkt i «Rutinar for oppfølging av vedtak».
- At utnemning av kommunale deltakarar til utval, som rådmannen gjer, skal gjerast skriftleg (administrativt vedtak)
Merknad: Rådmann er samd i at utnemning av deltakarar skal vere skriftleg, og refererast til vedtaksorganet. Men arbeidstakar si plikt til å ta på seg slike oppgåver ligg til arbeidsgjevar sin styringsrett, og er etter mi vurdering ikkje eit vedtak, jf forvaltningslova § 2 a: «*a) vedtak, en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter);*»
- Korleis utsetjing av søknadsfristar vert kunngjort
Merknad: Det er vanskeleg å lage eit generelt reglement for dette. Slike vurderingar bør heller leggjast større vekt på i saksutgreiing og vedtak.
- Korleis/når vedtak om endring av avtalar skal gjerast.
Merknad: Også på dette punktet er det vanskeleg å lage eit generelt reglement, då sakene erfaringsmessig er særskilte. Regelmessig rapportering til politiske utval vil, etter mi vurdering, synleggjere eventuell mangelfull oppfølging i slike saker.

Med helsing

Elin Leikanger
Konstituert rådmann

5 RETTING OG KOMMENTARAR ETTER UTTALE

1 Revisor er samd med rådmannen i at det ikkje er berre i reglement det kan bestemmast korleis sakene skal følgjast opp.

Under tilråding er det derfor gjort slik retting:

Det bør bestemmast i reglement

er i rapporten retta til

Det bør bestemmast, for eksempel i reglement, rutinar eller i det enkelte vedtak

2 Til punktet under tilråding:

At utnemning av kommunale deltakarar til utval, som rådmannen gjer, skal gjerast skriftleg (administrativt vedtak)

Revisor ser det slik at rådmannen tek ei avgjerd når han utnemner nokon i administrasjonen til Når dette blir gjort skriftleg og rapportert, så oppfattar eg dette som eit administrativt vedtak – sjølv om det ikkje er eit vedtak etter definisjonen i forvaltningslova.

LITTERATUR-/(OG /ELLER) DOKUMENTOVERSIKT

- Møtebok kommunestyret 2012
- Møtebok kommunestyret 2013
- Møtebok formannskapet 2013
- Reglement for Eid kommunestyre, datert 23.08.11
- Sakshandsamar sitt arkivansvar, udatert
- Praktiske reglar vedk bruk av Acos-WebSak, udatert
- Tids- og fristskjema for innkalling til folkevalde sine møte i Eid kommune, udatert
- Kvalitetshandbok Eid kommune (frå Kvalitetslosen AS), udatert

VEDLEGG

1 Vedtak i kommunestyret i 2012 og 2013 der vi har stilt spørsmål om oppfølging

2 Vedtak i formannskapet i 2013 der vi har stilt spørsmål om oppfølging

Vedtak i kommunestyret i 2012 og 2013 der vi har stilt spørsmål om oppfølging

VEDLEGG 1

OK OK - men med merknad Manglar oppfølging Ulik form m.t.p. utskrift utan farge

Saksittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
KOMMUNESTYRE 01.03.2012 018/12 Harpefossen Skiserenter AS - garanti til Kulturdepartementet for tilfelte spelmiddlar	1. Eid kommune garanterer som simpel kausjonist overfor Kulturdepartementet på kr 6.884.000,- for spelmiddlar til Harpefossen Skiserenter AS. Eid kommune garanterer med dette for eventuell tilbakebetaling av tilfelte spelmiddlar, dersom foresetnadane for tilskotet vert mislighaldt. 2. Garantien må godkjennast av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 3. Garantien gjeld i 20 år frå kvart enkelt utbetalingstidspunkt. 4. Kommunen må ha pant i anlegget så langt det let seg gjere opp mot den garanterte summen. Anlegget må vere fullverdi forsikra av eigar. 5. Vedtekne til Harpefossen Skiserenter AS kan ikkje endrast i garantiperioden, utan at det til ei kvar tid tilfredsstillar gjeldande "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet", og då med godkjenning frå Kulturdepartementet. 6. I garantiida er det ikkje høve til ubetalning av utbytte til aksjonærane, og eit overskot må uavkorta gå tilbake til sjølve foretaket med tilskotet. 7. Vedtaket i denne saka vert gjort i samsvar med "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2011" frå Kulturdepartementet. 8. Formannskapet ynskjer å få framlagt samla behov for nye garantiarhiskot i forhold til HFS sine ynskjer/planer framover, kva HFS tenkjer seg om Eid kommune si deltaking. 9. Eid kommune ynskjer at det vert lagt fram rapport ein gong i halvåret der formannskapet får full oversikt over drift og økonomisk situasjon i Harpefossen Skiserenter AS.	Pkt 8 – Følgjande saker er handsama i ettertid, og omhandlar økonomi og garantiar til Harpefossen skiserenter: KS-117/12 Soknad om inv. tilskot til bygging av ny parkeringsplass ved Harpefossen Skiserenter KS-31/13 Harpefossen Skiserenter AS - tilskot til dekkning av rentekostnader i påvente av spelmiddlar KS-122/13 Harpefossen Skiserenter AS - soknad om forlenging av garantiar KS-38/14 Harpefossen Skiserenter AS. Soknad om tilskot til dekkning av rentekostnader KS-87/14 Soknad frå Harpefossen Skiserenter AS om ekstra tilskot/lån frå Eid kommune Pkt 9: Rapportar er mottatte. Inngår i sakene ovanfor, men vil verte lagt fram som referatsak i framtida		
Revisor: Vi har spurt rådmannen om det er lagt fram rapport ein gong i halvåret i samsvar med det som er bestemt i pkt 9. Svaret frå rådmannen framkjem ovanfor i kolonnen «tilbakemelding». Vurdering: Det kan ikkje seiast å vere lagt fram rapportar som bestemt, men ut frå svaret frå rådmannen har formannskapet fått opplysningane dei har bedt om gjennom desse sakene. Det er lagt opp til at i framtida skal formannskapet få rapportane framlagt som referatsaker. Konklusjon: Vedtaket er formelt sett ikkje gjennomført, då rapportane ikkje lagt fram som rapport ein gong i halvåret. Opplysningane må likevel seiast å ha komme formannskapet til kunnskap.	1. Skjenn avheimla av Fjordane tingrett 27. januar 2012 vert teke til etterretning. 2. Rådmannen får i oppgåve å gå vidare med overtakinga i samsvar med avheimla skjenn og samtykke til førehandsstilredning. 3. Finansiering av kostnader til grunnvervet vert å kome attende til i eigen sak.	Avslutta		
Revisor: Vi har spurt rådmannen kva som er gjort m.o.t. pkt 2 «Rådmannen får i oppgåve å gå vidare med overtakinga» ... Vurdering: Det er ikkje overskjenn, og saka ser ut til å vere under tilfredsstillande behandling. Konklusjon: OK	Strategi for arbeidsdeling innan næringsutvikling blir vedteken som den ligg datert 1. april 2012. Eid Industrias AS får eit utvida ansvar for utvikling av næringsreal/bygg i Eid kommune. Forretningsplan med nye vedtekter for selskapet blir å legge fram for politisk handsaming snarast. Det lokale kontaktpunktet for grunderar vert lagt til VAKN - som node for Nordfjord Vekst. Det vert foresett evaluering av strategien innan juli 2013.	Evaluering er ikkje foretaka.		
KOMMUNESTYRE 26.04.2012 046/12 Strategi for arbeidsdeling innan næringsutvikling				

Side 1 of 7

Sakstittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
<i>Revisor:</i> Vi har spurt rådmannen om det vart gjort evaluering av strategien innan fristen som var sett til «innan juli 2013». <i>Svar:</i> Får opplyst frå rådmannen at denne evalueringa vil bli gjort i haust. <i>Vurdering:</i> Fristen som er sett er overskride. <i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer om at evalueringa ikkje er gjort og at frist for evaluering er overskride.				
KOMMUNESTYRE 21.06.2012				
072/12 Oppretting av 50% stilling som kreftekoordinator for kommunane Selje, Vågøy, Eid, Hornindal og Stryn	- Eid kommune sluttar seg til at det vert oppretta stilling som kreftekoordinator for dei 5 Nordfjordkommunane Selje, Vågøy, Eid, Hornindal og Stryn, frå 01.10.12 - Prosjektet skal evaluert etter eit år. - Eid kommune godkjenner ei årleg eigenfinansiering på ca kr 19.000,-. - Eid kommune skal vere arbeidsgjevar. Det skal opprettast eit eige prosjekt under teneste 29030 og ansvar 1110, og Eid kommune sitt økonomi- og kontrollreglement skal følgjast. - Finansieringa av Eid kommune sin eigendel skal leggjast inn i økonomiplanen for 2013-2016.	Evaluering inngår i årleg rapportering. Krefteforening har tilbode delfinansiering av 100 % stilling, men kommunane avsto tilbødet.		Avslutta
<i>Revisor:</i> Vi har spurt rådmannen om prosjektet vart evaluert innan fristen på eit år, jf pkt 2 i vedtaket. <i>Vurdering:</i> Vi får opplyst av evaluering blir gjort i årleg rapportering. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
KOMMUNESTYRE 06.09.2012				
087/12 Handsaming av forstudierapport for samhandlingsprosjekt Felles dognavdeling/intermediæravdeling for Nordfjordkommunane Selje, Vågøy, Eid, Hornindal og Stryn. Vedtak om oppstart av forprosjektet.	- Forstudierapporten Felles dognavdeling/intermediæravdeling for Nordfjordregionen» 2012, vert godkjend. - Forprosjektet skal starte opp i september 2012, med same prosjektorganisering som i fase 1. - Det skal setjast ned eit avtale-/forhandlingsutval mellom kommunane (rådmenn og kommunalsjefar) og Helse Førde HF. Rådmenne utnemner dei kommunale representantane i utvalet. - Forprosjektet skal finansierast med kr 300 000,- i statlege samhandlingsmidlar, i tillegg til arbeidsinnsatsen til kommunalsjefane.	Kommunale representantar går fram av KS-110/13 Interkommunale helse- og omsorgstenester, Handsaming av føresetnader for driftsavtale med Helse Førde		
<i>Revisor:</i> Vi har spurt rådmannen om han har utnemnt dei kommunale representantane til utvalet, jf pkt 3, 2. punktum, og om det er gjort i administrativt vedtak. Rådmannen opplyser om at dette ikkje er gjort i vedtaks form, og at utnemninga blir sett på som «arbeidsdeling» (plassering av arbeidsoppgåver hos tilsette i administrasjonen). Arbeidsdeling blir gjort gjennom instruering utan skriftleg dokumentering. <i>Vurdering:</i> Vi finn grunn til å stille spørsmål ved, om utnemning av kommunale deltakarar bør gjerast på ein måte som gjer at det offentlege kan bli opplyst om utnemninga. I tilfelle bør slike vedtak bli vere skriftlege, bli protokollert og vidare referert i det organet som har bedd rådmannen gjere utnemninga. <i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer at vi stiller spørsmål ved.....				
KOMMUNESTYRE 25.10.2012				
095/12: Prestemarka barnehage: Vurdering av K-vedtak om sal - omdisponering til bustad.	- Kommunestyret godkjenner utsetting av salsprosess fram til alternativ bruk av bygget er utgreidd. - Det skal leggjast fram eiga sak om kostnader knytt til ombygging av Prestemarka barnehage til to bustader i juni 2012. - I saka skal ein også vurdere privat utbygging/utvikling av Prestemarka barnehage til boligformål. - Administrasjonen blir bedt om snarast råd å setje i gang rullering av boligsosial handlingsplan for Eid. Bustadløyving for busefjing av flyktningar må vere ein del av rulleringa av planen.	Bustadsosial handlingsplan vart vedteken i sak KS 48/13. Prioriteringar presisert i sak KS-037/14: Finansiering av tiltak i bustadsosial handlingsplan 2014.		Avslutta
<i>Revisor:</i> Vi spurde rådmannen om det er sett i gang rullering av planen som bestemt i pkt 4 i vedtaket. <i>Vurdering:</i> Sjå tilbakemeldinga. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
100/12 Bustadfelt i Kjølssdalen/Årdalsvika - utbygging	- Eid kommune lyser ut sal av kommunale tomter i Kjølssdalen/Årdalsvika. Ein nyttar tiltak 1 og 2 i utgreinga for å redusere prisen på tomtane. - Det er ein føresetnad for oppstart av prosjektet at minimum 3 av tomtane er selde på førehand. - Finansiering vert å kome attende til i ny sak når evt. førehandssal er	Det melde seg ingen kjøparar. Saka teke opp at i KS 91/13		Avslutta

Sakstittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
<i>Revisor:</i> Vi har stilt spm til rådmannen, om prosjektet er oppstarta og om det i tilfelle er inngått avtale om sal av minst tre tomter, jf pkt 1 og 2 i vedtaket. <i>Vurdering:</i> Sjå tilbakemeldinga. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
101/12 Framlegg til kommunedelplan for samanslåing av skulekrinsane Stårheim og Kjølssdalen	1. Kommunedelplan for samanslåing av skulekrinsane Stårheim og Kjølssdalen vert godkjend jmfør pbl § 11-15. 2. Eid kommune endrar kringsrensene for Kjølssdalen og Stårheim, slik at elevane kan gå på ein felles skule. 3. Skulekrinsane Kjølssdalen og Stårheim vert slegne saman til ein skulekrins frå og med 01.08.2013. 4. Plassering av skulestad etter samanslåing av kringsrensene vert Stårheim. For å dekke arealbehova til ein 7-delt skule der elevane frå Stårheim og Kjølssdalen er samla som skissert i kommunedelplanen, er Eid kommune innstilt på å sørje for nødvendig utbygging ved skulen for å dekke samla arealbehov som omtalt i kommunedelplanen. Administrasjonen greier ut om bibliotekdelen av lagshuset Fram kan kome inn som ein del av denne utbygginga 5. Eid kommune syner til innspel i høyringsrunden frå Kjølssdalen Privatskule om etablering av privatskule med Montessori-pedagogikk. Søknad om dette er sendt Utdanningsdirektoratet. Eid kommune ser positivt på etablering av ein slik skule som eit pedagogisk alternativ for dei som ikkje ønskjer å nytte ein felles offentleg skule i den samanslåtte skulekrinsen, og andre elevar i kommunen som ikkje ønskjer å nytte dei offentlege skulane. 6. Kommunen er innstilt på å overdra skulebygget i Kjølssdalen til Kjølssdalen Privatskule AS, slik at Kjølssdalen Privatskule overtar eigarskapet til bygget. Ein må i salsavtalen sikre at lag og organisasjonar i bygda framleis kan nytte skulebygget og uteområda til aktivitetar, jmf innspel i høyringsrunden frå Kjølssdalen Idrettslag. Eid kommune skal ha forkjøpsrett ved evt seinare vidaresal av Kjølssdalen skule.	Avtalen er godkjend i sak KS 12/13 Sal av Kjølssdalen skule - godkjenning av avtale		Avslutta
<i>Revisor:</i> Vi stilte spørsmål til rådmannen, om vilkåra som er sette i vedtaket – at lag og organisasjonar i bygda framleis kan nytte nytte... og at kommunen har forkjøpsrett - er medteke i avtalen? <i>Vurdering:</i> Rådmannen svarer at alle vilkåra som er sett i vedtaket er ivareteke i avtalen. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
116/12: Klenkarberget Sommarcamp - Ny samarbeidsavtale 2013 - 2015	1. Eid kommune og Klenkarberget Sommarcamp inngår ei treårig samarbeidsavtale, gjeldande for somrane 2013, 2014 og 2015. 2. Sommarcampen pliktar å gjennomføre arrangementet fire veker etter skuleslutt så lenge samarbeidsavtala gjeld. 3. Eid kommune dekkjer driftstøtte til Sommarcampen med årleg kr 35 000,-. 4. Eid kommune gjev Sommarcampen lønnskompensasjon for forsterka bemanning med årleg kr 40 000,-. 5. Eid kommune stiller med støttekontaktar for barna som har behov for særskild oppfølging og tilrettelegging. Sommarcampen skal integrere desse barna og støttekontaktene i gruppene. Tilsejningsavtale med Eid kommune for kvart tilfelle. 6. Eid kommune dekkjer deltakaravgift for deltakande barn frå Eid kommune med kr 700,- pr. barn pr. veke. 7. Maksimal driftsstønad til rimelegare foreldrebetaling vert sett til kr 112 000,- pr. år. 8. Sommarcampen står fritt til å setje foreldrebetaling ut frå ei samla vurdering av tilbod og økonomi.	Avtalen er ikkje signert	HSI	
<i>Revisor:</i> Har kommunen inngått avtalen som bestemt i pkt 1 i vedtaket, og er avtalen underskrive av begge parter. <i>Svar:</i> Avtalen er inngått og blir «praktisert», men er ikkje signert. <i>Vurdering:</i> Alle avtaler som det knyter seg vilkår til, og som ikkje blir oppgjort straks, må kunne provast. I dette høve er det mange vilkår bestemt i vedtaket, og det betyr at det er meir å bli usamde om enn				

Sakstittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
om det var få vilkår. Avtalen er skrive, men er ikke signert, og det kan tolkast slik at der er vilkår i avtalen som partane ikke er samde om. <i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer om manglande signering.				
KOMMUNESTYRE 14.03.2013 011/13 Deltaking i Zero sitt kommunenettverk	1. Eid kommune takkar ja til invitasjonen frå Zero om å bli «klimapilotkommune» jmf invitasjonsbrev dagsett 9. januar 2013. 2. Eid kommune starter ein prosess for å vurdere mulighetene av å sikre ein grøn, miljøvennlig profil på kommunen sine fondsinvesteringar, utan at det svekkar dagens krav til avkastning og risiko. Ei eventuell avgjerd om å innføre krav til «grøn finansforvaltning» blir å kome tilbake til som eiga sak.	Pkt 1 OK Pkt 2: Det er avvikla møte med aktuelle finansforvaltarar	ELE	
<i>Revisor:</i> Det er ikke fremma sak – men kommunen har delekte i det nasjonale nettverket – både politisk og administrativ deltaking – formålet med å delta er primært Fjordvarmeprosjektet - nettverket hadde samling på Eid våren -14. <i>Vurdering:</i> Vi forstår rådmannen slik at det er starta ein prosess og at det vil bli fremma sak. Det er ikke sett tidsfrist. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
KOMMUNESTYRE 02.05.2013 Sak 29/13 Nytt omsorgssenter – romprogram byggetrinn 1	1. Rom og funksjonsprogram for nytt omsorgssenter vert godkjend med eit bruttoareal på 3487 m2 2. Eid kommunestyre tek utkast til framdriftsplan til vitande. 3. Byggetrinn 1 skal vere ei full utbygging med 40 plassar 4. Administrasjonen får i oppdrag å snarast greie ut finansiering av byggetrinn 1 der bruk av eigenkapittel frå bufferfond på kr 30 mill vert vurdert opp mot fullt låneopptak som alternativ	Kravspesifikasjon godkjend KS 75/14 Pkt 4 vart lagt fram av rådmann som orienteringssak.		Avslutta
<i>Revisor:</i> Har admin greia ut? Jf pkt 4. Svar: Behandla i sak 75/14. Kravspes for automasjon og velferdsteknologi må fremmast igjen, jf vedtak 26.06.-14. Vedtaket er gjort og det er klart for innhenting av anbod – men tomte er ikke klar – krav frå NVE i samband med kvikkleire. <i>Vurdering:</i> Vi forstår det slik at saka går sin gang som bestemt. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
40/13 Mottak av flyktningar frå år 2014	1. Mottak av 120 flyktningar over ein fireårsperiode. Talet må sjåast i samanheng med familiegjenforeining. Det må gjerast vurdering undervegs i høve måloppnåing og kapasitet. 2. Det må opprettast ei ny stilling som avdelingsleiar for flyktingetenesa i 2013. Finansieringa av denne stillinga må ein kome attende til i budsjettdrings sak i juni. 3. Evaluering av integreringsarbeidet i kommunen skal vere med i årsrapporten.	Pkt 3 vart lagt som eiga sak DFU 033/14; Statusrapport knytt til prosjektpplan for styrking av flyktingetenesa.		Avslutta
<i>Revisor:</i> Var evaluering medtekte i årsrapporten. Svar: Var tatt med litt i årsrapporten – men lite – der er derfor seinare skrive ei særskild sak. EL- opplyser om at det var kommentert i samband med behandlinga av årsrapporten, at kommentarane om dette ikke var utfyllande nok, og at det dermed vart skrive ei særskild sak. <i>Vurdering:</i> Dette vedtaket var ikke tilfredsstillande gjennomført i første omgang (i årsrapporten) men er seinare retta i særskild sak. <i>Konklusjon:</i> I og med at manglane med oppfølging av vedtaket er retta, må det vere grunn til å tru at dette blir ivareteke i neste årsrapport..				
KOMMUNESTYRE 30.05.2013 048/13 Bustadssosial Handlingsplan 2013 til 2023	1. Bustadssosial handlingsplan for Eid kommune 2013 –2023 vert vedteken slik det går fram av oppdatert plan pr 16/5-13. 2. Økonomiske konsekvensar av plan med verknad for 2013, vert å innarbeide i økonomiplan/ budsjettdrings sak i juni 2013. 3. Økonomiske konsekvensar av plan med verknad for 2014 og seinare, vert å innarbeide i økonomiplan hausten 2013. 4. Tiltaksplan skal rullerast årlig i samband med budsjettarbeidet. 5. Formannskapet sluttar seg til omtalen i bustadssosial handlingsplan, kap. 8.1 om at bustadoppgåvene er spreidd på for mange område i Eid kommune. Formannskapet ønskjer at ein raskt får på plass ei samordna bustadteneste som omtalt i kap. 8.4, og at det blir lagt fram framlegg til ei slik organisering innan 01.10.13. 6. Driftsutval skal vere politisk styringsgruppe for oppfølging av bustadssosial handlingsplan.	Punkt 5 er ikke avklara. Status er rapportert til driftsutvalet DFU 34/14 pkt 8 er vedteke i KS 131/13 Retningslinjer for startlån i Eid kommune.	REN	Avslutta

Saksittel//vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
	7. For unge i etableringsfasen kan startlån brukast til toppfinansiering der andre kreditinstitusjonar har grunnfinansieringa. 8. Formannskapet ber om å få ei utgreiing av moglegheitene for utvida bruk av startlansordninga ut over Husbankens standard retningslinjer og at ei slik saksutgreiing blir lagt fram til politisk handsaming i juni 2013.			
<i>Revisor:</i> Er saka fulgt opp.				
<i>Svar:</i> Saka er fulgt opp med unnatak av at pkt 5 ikkje er avklara m.o.t. at det skulle leggest fram ei sak for formannskapet, om «samordna bustadenest». Frist var sett til 1. okt 2013.				
<i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer om manglande oppfølging og at frist er overskride.				
050/13 Innføring av vegadresser i heile Eid kommune	1. Eid kommune startar opp arbeid med innføring av vegadresser i heile Eid kommune. Arbeidet skal gjennomførast som eit prosjekt og skal vere avslutta medio 2015. 2. Samfunnsutviklingsutvalet vert styringsgruppe for prosjektet 3. Med heimel i Matrikkellova § 21 og matrikkelforskriften § 59 skal det utarbeidast lokal forskrift om adressetildeling i Eid kommune. Kostnadane med innføring av vegadresser i heile Eid kommune skal innarbeidast i budsjetta for 2014 og 2015	Lokal forskrift er ikkje vedteken		Under arbeid
<i>Revisor:</i> Er det utarbeidd lokal forskrift?				
<i>Svar:</i> EL seier at saka den kjem til beh i Samfunnsutviklingsutvalet i veke 37/14.				
<i>Vurdering:</i> Saka er oppført som sak nr 31 i nemnde utval.				
<i>Konklusjon:</i> Ingen serskild kommentar.				
051/13 Reksnes barnehage - sal av bygg	1. Rådmannen får i oppdrag å søkje og få sletta alle hefte på gbnr 122/7. Eigeidommen vert deretter lagt ut for sal. 2. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne salssummen.	Ref F 05.06.2014 Hefte let seg forebels ikkje slette.	ELE	Under arbeid
<i>Revisor:</i> Har rådmannen utført vedtekte oppdrag?				
<i>Svar:</i> Rådmannen har «begjært» sletting av heftet for å kunne gjennomføre sal av eigeidomen. Det ligg føre svar frå Kartverket der det framgår at heftet, som er ei tinglyst urådserklæring, ikkje kan slettast no. Vidare ligg det føre svar frå advokatfirma, om at det er tidsfristar i Lov om løysingsrettar som gjer at kommunen ikkje får sletta urådet endå, men at det kan vere mogleg at fristen for sletting etter lova utgår allereie i juni neste år. Urådet er orientert om til formannskapet.				
<i>Vurdering:</i> Det er kommunestyret som har gitt oppdraget til rådmannen. Når berre formannskapet er orientert meiner vi det er grunn til å stille spørsmålet ved, om kommunestyret også bør bli orientert, når rådmannen, på grunn av ytre omstende som han ikkje får over, ikkje kan gjennomføre eit oppdrag han har fått.				
<i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer om korleis saka er fulgt opp, og at kommunestyret bør ta stilling til om vedtaksorganet skal ha skriftleg tilbakemelding når vedtak ikkje let seg gjennomføre.				
KOMMUNESTYRET 20.06.2013				
KOMMUNESTYRE 26.09.2013				
091/13 Bustadfelt i Kjølisdalen/Årdalsvika - avslutning av prosjektet	Fristen for kjøp av tomter i Kjølisdalen bustadfelt vert forlenga med eit år.		ELE	
<i>Revisor:</i> Jf sak 100/12. Er den forlenga fristen annonsert?				
<i>Svar:</i> Svar i e-post frå EL: Det ligg informasjon om tomte på kommunen si heimeside. Vi har forresten starta eit prosjekt vedt betre marknadsføring av kommunale tomter.				
<i>Vurdering:</i> Vi finn grunn til å stille spørsmål ved, om den forlenga fristen burde vere annonsert i lokale media.				
<i>Konklusjon:</i> Vi opplyser i rapporten om at vi stiller spørsmål ved om fristen burde vere annonsert for at vedtaket kan seiest å vere gjort kjent for potensielle tomtekjøparar.				
092/13 Opparbeiding av Nordøyane friområde	1. Det skal jobbast vidare med saka om opparbeiding av Nordøyane friområde. 2. Administrasjonen skal synleggjere om det er mogleg å redusere kostnadane i prosjektet, og kva følgjer dette får for prosjektet. 3. Det skal jobbast vidare med finansiering av prosjektet t.d. tettstadutviklingsmidlar 4. Det vert vedteke oppstart av endring av Reguleringsplan for Nordøyane sør for Fargarela med tanke på endring av rekkefølgebestemmelsane slik at B/F/K-område kan takast i bruk uavhengig av opparbeiding av friområdet, jf. § 12-14 i plan- og bygningslova. 5. Omsynet til Sagastadprosjektet må takast med i den vidare vurderinga. 6. Detaljprosjektering og tilbudsinnhenting for ferdigstilling av byggetrinn 1 av Nordøyane friområde skal setast i gang straks. Detaljprosjekteringa skal ikkje omfatte «tangen i vest». For tilbudsutlysning skal det gjennomførast ein dialog med moglege tilbydarar om alternative løysingar for å redusere kostnadane.	Moglege kostnadsreduksjonar orientert om i KS-møte Avslag på søknad om tettstadutviklingsmidlar Reguleringsplan endra Dialogkonferanse har vore avvikla Anbud opparbeiding er lyst ut	ELE	Under arbeid

Sakstittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
	7. For opparbeiding evt. vert sett i gang, skal kommunestyret i eiga sak vedta finansiering basert på tilbudssum.			
<i>Revisor:</i> Er det vedtekte finansiering basert på tilbudssum? Jf pkt 7. <i>Vurdering:</i> EL seier at prosessen er kørvt. Tettstadutviklingsmidlar har ein fått avslag på også i år. Pris vil komme fram ved tilbodsinnhenting no i haust, og det vil deretter kunne fremmast sak om finansiering. <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
095/13 Backup-serverrom for Felles IKT-driftsenter for Nordfjordkommunane	- Kommunestyret i Eid vedtek at det vert bygt nytt serverrom i kjellaren i Eid rådhus, og at backup-installasjon for serverparken i Nordfjord vert plassert i dette rommet, saman med det kommunen sjølv har av slikt utstyr. - Ramma for prosjektet vert sett til kr 800.000,- ekskl mva, og vert finansiert frå unytta lånemidlar frå tidlegare avslutta investeringsprosjekt.	Det vert arbeidd med kostnadsreducerande tiltak		
<i>Revisor:</i> Held ramma som er sett? Jf pkt 2. <i>Svar:</i> Arbeidet med serverrommet er ikkje komme i gang. Årsaka er at arbeidet er funne for dyrt etter at det har vore lyst ut på anbod. EL seier at arbeidet må vurderast på nytt. I revisjonen er vi kjende med at dagleg leiar i Brukarhjelp Nordfjordnett meiner det haster å få server-rommet i funksjon. <i>Vurdering:</i> I vedtaket står det ikkje noko om frist for gjennomføring, men i og med at det er snakk om eit serverrom for eit interkommunalt samarbeid som allereie er sett i verk, må ein gå ut frå at rommet skulle vore stilt til disposisjon. <i>Konklusjon:</i> Det er ikkje opplyst frå administrasjonen om kommunestyret er orientert om manglande gjennomføring av vedtaket. Vi finn grunn til å stille spørsmål ved, om det skulle vore rapportert til kommunestyret om manglande gjennomføring, og at det haster å få rommet stilt til disposisjon.				
101/13 Utbygging Langelandsåsen og Hogaåsen - Grunnerv - avheimla overskjønn	- Overskjønn avheimla av Gulating lagmannsrett 14. august 2013 vert teke til etterretning. - Alt areal som inngår i skjønnet vert erverva av kommunen innan fristen etter skjønnslova. - Finansiering av kostnader til grunnervet blir teke i samband med budsjettprosessen for 2014.	Finansiert i budsjettvedtaket. Jordskifte avvikla på delar av arealet. Areal er oppmålt. Klart for utbetaling september 2014	ELJE	Under arbeid
<i>Revisor:</i> Er alt areal som inngår i skjønnet erverva av kommunen innan fristen etter skjønnslova? <i>Svar:</i> EL seier at ein mangler nokre underskrifter for ein er i mål, og at når desse er på plass vil kommunen betale ut. <i>Vurdering:</i> (Jf sak 19/2012 – skjønn anka.) <i>Konklusjon:</i> Ingen særskild kommentar.				
137/13 Godkjenning av ekstra tilskot knytt til fastlegeavtaler i Eid kommune.	- Ramme for avtale med fastlegane i Eid vert godkjent slik den går fram av saksutgreinga. - Avtalepunktka skal innarbeidast i dei individuelle fastlegeavtalene.	Betaling er gjort, men ny avtale er ikkje signert.	REN	
<i>Revisor:</i> Er avtalepunktka innarbeidde i dei individuelle fastlegeavtalene. <i>Svar:</i> RE opplyser at legane får godtgjort ut frå endra avtale, men at avtalene ikkje er endra <i>Vurdering:</i> Vedtaket er i samsvar med tilrådinga frå rådmannen, men til tross for dette er avtalene ikkje blitt endra enda. <i>Konklusjon:</i> Vi rapporterer at vedtaket blir praktisert men at det ikkje er formalisert.				
142/13 Budsjett 2014 Økonomiplan 2014-2017	- Gebyr og betalingsatsar for 2014 vert vedteke i samsvar med eige regulativ datert 10.10.2013, lik formannskapet sin innstilling. - Rammer for driftsbudsjettet 2014 vert vedteke i samsvar med tabell 1 i kap 8.2 i budsjetthefte datert 28.11.2013, lik formannskapet sin innstilling. - Økonomiplan drift 2014 – 2017 vert vedteke i samsvar med tabell 1 i kap 8.2 i budsjetthefte datert 28.11.2013, lik formannskapet sin innstilling. - Eigedomsskattesatsen skal for 2014 vere 2 promille, og skal betalast i to terminar. - Hovudoversikt drift og Budsjettskjema 1 A+B vert vedteke slik dei ligg føre i kap. 11 i budsjetthefte datert 28.11.2013, lik formannskapet sin innstilling. - Investeringar for 2014 vert vedteke i samsvar med tabell i kap. 9 i budsjetthefte datert 28.11.2013, lik formannskapet sin innstilling. - Økonomiplan investering 2014 – 2017 vert vedteke i samsvar med tabell i investeringshefte datert 21.11.2013, justert for formannskapet sin innstilling. - Hovudoversikt investering og Budsjettskjema 2 A+B vert vedteke slik dei ligg føre i kap. 11 i budsjetthefte datert 28.11.2013, lik formannskapet sin innstilling.	Oppdatert og publisert		
		OK		
		OK		
		OK		
		OK		
		OK		
		OK		

Sakstittel/vedtak	Vedtak	Tilbakemelding	Ansv.	Status
	9. Det vert godkjent låneopptak for 2014 for Eid kommune sine egne investeringar på kr 49 615 000,- 10. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innanfor vedteken ramme. 11. Rådmann får fullmakt til å overføre ubrukte budsjettmidlar inkl finansiering i pågåande investeringsprosjekt til neste år, slik at dette vil inngå i samla investeringsbudsjett for 2014. 12. Verbalforslag: a. Det skal gjennomførast eit prosjekt i 2014 som tek sikte på å oppnå innsparringar som vist i rådmannen sitt framlegg til budsjett, og der ein utgreier mulige strukturtiltak i alle sektorar. b. Kommunestyret ønskjer å få fram ei sak om mulig samlokalisering av ressurskrevjande brukarar c. Kommunestyret ønskjer å få fram ei sak om å få VTA-plassar til Eid (Varig tilrettelagde arbeidsplassar) d. Kommunestyret vil innføre krav om nullutleppskøyretøy ved kommunal bil leasing der det er praktisk mulig og økonomisk forsvarleg allereie i 2014 e. Kommunestyret vil på nyåret ha fram ei sak om oppstartstilskot på 200.000 til "VAKN vidare" i 2014 frå disposisjonsfond, som del av spleiselag med handelsnæringa og dei store kulturaktørane i Eid for å skape synergiar og ny næringsverksend knytt til opplevings- og handelsnæringane. Ein syner til eiga sak om utviding av aksjekapitalen i VAKN på ekstraordinær generalforsamling f. Det årlege tilskotet til Harpefossen vert auka til kr 200.000 frå 2014 g. Rammaområdet Politisk styring får auka ramma med kr 50.000 innanfor den samla ramma til Sentraladministrasjonen. Midlane skal nyttast til betre finansiering av partilaga. Det vert lagt fram eiga sak om dette i budsjettåret. h. Kommunestyret ønskjer at det blir lagt fram sak til relevant politisk organ om innføring av "langturnus" i pleie og omsorg i. Eid kommune har ikkje vidareført ruskonsulentstilling etter avslutta prosjektperiode. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak til relevant politisk organ der det vert redegjort for konsekvensane av å fjerne stillinga	OK OK OK OK Verbalforslag:		
Spørsmål: Er det lagt fram saker som bestemt i dei to siste punkta i vedtaket? If pkt h. Kommunestyret ønskjer at det blir lagt fram sak til relevant politisk organ om innføring av "langturnus" i pleie og omsorg. i. Eid kommune har ikkje vidareført ruskonsulentstilling etter avslutta prosjektperiode. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak til relevant politisk organ der det vert redegjort for konsekvensane av å fjerne stillinga Svar: h: Det er ikkje lagt fram ei eiga sak, men ligg inkludert i fleire referatsaker til politiske organ: - Eid kommune er t.d. med i KS-prosjektet «Det store heiltdisvalet», der Eid Eldretun skal vere pilot når det gjeld utprøving. Alle avdelingane i pleie og omsorg er involverte, og t.d. psykiatritenesta vurderer no langturnus helg. - Det er laga prosjektplanar for to prosjekt i heimetenesta og Eid Sjukeheim som også omhandlar mellom anna vurdering av bemanningsplanar og mulegheiter for andre turnusordningar. Alt er/vil bli referert i Administrasjonsutvalet og Driftsutvalet. Arkiv: Det store heiltdisvalet, sak 13/1951. Prosjekt heimetenesta: Sak 14/1377. Sak Eid Sjukeheim: Sak 14/621. i: Vurdering/konkl.: h: Ingen særskild kommentar. i: Dette står på saklista til driftsutvalet 02.10.2014.				

Vedtak i formannskapet i 2013 der vi har stilt spørsmål om oppfølging

VEDLEGG 2



OK



OK - men med merknad



Manglar oppfølging

Ulik form m.t.p. utskrift utan farge

Saknr	Saksittel/vedtak	Til oppfølging	Plan/tiltak	Status
1	?			
Plass til kommentar(tilsvarende under kvar sak): Spørsmål frå revisor: Er ikkje dette saksnummeret brukt (sendt e-post med spørsmål til TM)? Svar frå TM: Fig har sjekka i papirprintrollen og ser at det byrjar på sak 002/13 der også. Her skal systemet plukke opp oneste saksnummer når det vert laga ny innkalling. Så her kan det vere at vi ved oppretting av saksnummer har sett saknr. 001 i staden for 002 som første sak på nyåret. Det kan og vere at det har vore sett opp referansaker først som sak nr 001 og det har vist seg at det ikkje er meddt opp saker slik at referansaker er blitt «teken borte». Dette skal i praksis ikkje skje, men kan likevel skje ved ein feil. Alt tyder at saknr. 001_2013 ikkje er brukt og derfor er saknr 002/13 første saka. Konklusjon: Vi rapporterer at administrasjonen opplyser om at saksnummeret ikkje er blitt brukt.				
13	Godkjenning av forprosjekt for Nordøyane frimråde	Forprosjekt for Nordøyane frimråde dat. 31.10.2012 vert godkjent.	Rådmannen får i oppdrag å søke ekstern finansiering (tettstadsutviklingsmidlar).	
Spørsmål frå revisor: Har rådmannen søkt om ekstern finansiering (tettstadsutviklingsmidlar)? Svar: Saksnad sendt. Fekk ikkje midlar i 2014. Vil søke på nytt. Konkl: Ingen særskild kommentar.				
14	Oppfølging av budsjettvedtak vedkommande sentraladministrasjonen	For 2013 vil rådmannen foreslå følgjande tiltak for å redusere netto budsjettet med 0,25 mnok:		
		1. Overta rekningskap for Eid industrihus KF. Inntekt kr. 50.000,-.		
		2. Husleige på kr 84.000,- til ungdomsprest går ut i 2013.		
		3. Reduksjon IKT-drift på kr 116.000,- (Lærling går ut frå mars 2013).		
Spm.: Formannskapet har gjort vedtak etter forslag frå rådmannen. Er dette i realiteten berre ei orienteringssak? Har drøfta dette med Elin som er av same oppfatning - at dette kunne vore orienteringssak. Svar: Vedtaket er gjort innanfor dei delegerte budsjettfullmakter FS har frå KS når det gjeld Sentraladministrasjonen. (Formannskapet blir her lagutval for Sentraladm.) Vurdering: Saka kunne vore lagt fram som orienteringssak, men dette har ikkje betydning for gjennomføring. Konklusjon: Ingen særskild kommentar.				
70	Tilsysplan 2013			
Spørsmål frå revisor: Blir planen følgt? Svar: Ja, jf sak i Kst. Blir gjort kvart år. Konkl: Ingen særskild kommentar.				
72	Søknad om støtte til Nordfjord Song Festival 8. - 10 mars 2013	Eid kommune gjev ein underskotsgaranti på kr 10 000,- frå disposisjonsfondet - kto 24690001 til Nordfjord Songfestival -tl deknning av kostnader i samsvar med søknad datert 20.11.2012		Saka skulle vært i k-styret.
Spørsmål frå revisor: Skulle saka gått vidare til k-styret? Svar: Saka skulle vært i k-styret. Vurdering: Formannskapet har ikkje høve til å bruke av disposisjonsfondet. (Det har vore varleg at finsk har ein konto med ei løyving «til formannskapet sin disposisjon», men dette har blitt stroke i b-prosessen.) Det er snakk om «småpengars» men likevel nok til at det ikkje er funne rom i budsjettet til slike løyvingar. Konkl: Funn og vurdering blir å ta med i rapporten.				
141	Orienteringssaker frå ordføraren til formannskapet sitt møte den 29.08.2013	1. Formannskapet tek orienteringane til vitande. 2. Formannskapet ber administrasjonen utarbeide verdvurdering av Fjordvarme AS		
Spørsmål frå revisor: Er vurdering framlagt for formannskapet? Svar: Er utført og sendt.				
155	Pålegg - Retting av ukovlege tilhøve - Mette Bjørhovde	Med heimel i plan- og bygningsslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om å bruke høvla bordkleiding til endeveggane for hus på gbnr. 44/162. Bordkleiding på desse		Eid kommune har purret på arbeidet. Tilbakemelding i mail om at arbeidet er nesten ferdig. Vil ferdigstilles i løpet av

Side 1 av 2

Saknr	Sakstittel/vedtak	Til oppfølging	Plan/iltak	Status
		endeveggane må takast ned og erstattast med høvla bordkledning med same breidde og utforming som den gamle bordkledninga. Frist for oppfølging av pålegget vert sett til 01.07.2014.		juli.
Spm.: Er fristen 1.7.-14 halde? Jf sak 215/13 (siste saka her).				
158	Pålegg - Vedlikehald av bevaringsverdige bygningar - gbnr 45/1	1. Med heimel i SAK10 § 19-5, vert det gitt pålegg om vedlikehald av heile eller delar av dei 3 bygningane som ligg utanfor det som er Riksantikvaren sitt ansvarsområde på gbnr. 45/1, som sikrar at bygningane ikkje skal gå tapt. 2. Med heimel i SAK10 § 19-5, vert det gitt pålegg om vedlikehald/ skjøtsel av trea som ligg på gbnr. 45/1. 3. Eigar av gbnr. 45/1 skal så snart som mogeleg og innan 01.10.2013 gje melding til kommunen om framdrift og gjennomføring av pålegga jf. SAK10 § 19-5 femte ledd. 4. Frist for å etterkomme pålegga om vedlikehald/ skjøtsel vert sett til 01.07.2014.		Siste tilbakemelding frå Winnie Yri datert 27.06.14. Viser til at de hun har vært i kontakt med er fullbooket.
Spm.: Er fristen i pkt 4 halde? Svar: Siste tilbakemelding frå Winnie Yri datert 27.06.14. Viser til at de hun har vært i kontakt med er fullbooket. Vurdering: Det betyr at fristen 1/7-14 ikkje blir halde. Sender tilleggsspm til rådmannen (11.09.-14); Har Yri søkt om utsettelse? Er det rapportert til formannskapet om at fristen ikkje blir halde? Svar: Her har vore ein kontinuerleg kommunikasjon, som ordforar har vore sterkt involvert i. Arbeidet er starta opp, og formannskapet får orientering i møte på torsdag (18.09.-14). Konkl: Ingen særskild kommentar.				
174	Oppmoding om bidrag til TV-aksjonen 2013	1. Det vert løyvd kr. 2,- pr innbyggjar til TV-aksjonen. 2. Finansiering ubunde driftsfond 2.569.0001.		Ikkje handsama i kommunestyret.
Saka skulle gått til kommunestyret. (Det vanlege er at formannskapet har ein budsjettpost til sin disposisjon i slike høve; «til formannskapet sin disposisjon»)				
198	Sogn og Fjordane 250 år - avslutningsmarkering på Eid november 2013	Det vert sett av ei ramme på kr 9 000,- til avslutningsarrangement i høve 250-årsjubileet til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfondet.		Ikkje handsama i kommunestyret.
Saka skulle gått til kommunestyret.				
215	Klage på vedtak i sak 155/13 - pålegg om retting av ulovleg tilhøve - gnr. 44 bnr. 162 - Mette Bjørhovde			Eid kommune har purret på arbeidet. Tilbakemelding i mail om at arbeidet er nesten ferdig. Vil ferdigstilles i løpet av juli 2014. Sjå F-sak 155/13.
Tilskotet ikkje utbet, men det vert gjort no.				

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 046/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/295
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Samhandlingsreforma – erfaringar.
2. Prosjektet kan utførast som felles rapport med andre kommunar.
3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram til første møte i 2015. Frist for rapport vert sett til 30.4.15.
4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

...

Saksutgreiing:

Eid kommunestyre handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 89/12 den 6. september 2012. Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken og innebar slik prioritering:

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

1. Drift og vedlikehald av bygningar.
2. Spesialundervisning.
3. Oppfølging av vedtak.
4. Samhandlingsreforma – erfaringar.
5. Kvalitetslosen.

I tillegg til prioriteringa, er det eit tilleggspunkt i vedtaket som gir kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritering eller legge til prosjekt:

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

På førre møte, orienterte kommunerevisjonen i Nordfjord om at det ligg til rette for at inntil 5 av kommunane har felles prosjekt om samhandlingsreforma. Vi kan ta med at Stryn kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møte den 5.11.14:

Kontrollutvalet viser til Plan for forvaltningsrevisjon for Stryn kommune for perioden 2012- 2015, og tingar som sitt neste prosjekt nr. 4. Samhandlingsreforma – erfaringar, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Kontrollutvalet ber Kommunerevisjonen i Nordfjord legge fram plan for forvaltningsrevisjon, Samhandlingsreforma – erfaringar, på møte 21.1.2015.

Samhandlingsreforma er neste prosjekt etter prioritert liste og det kan såleis vere naturleg at Eid kontrollutval tingar dette prosjektet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 047/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-216, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/313
---	-------------------------------------	-------------------------------

Rekneskapsrevisjon - informasjon om plan og status

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Kommunerevisjonen i Nordfjord vert invitert til å informere om kva dei jobbar med og har spesielt fokus på dette året. Ved å ha ei slik informasjonssak, får kontrollutvalet og revisjonen høve til direkte kontakt og drøfting av aktuelle problemstillingar.

Nokre klipp frå Kontrollutvalsboka (KRD 2011) med bakgrunnsinformasjon om kontrollutvalet og revisor sitt samarbeid. [Her finn de lenke til heile boka.](#)

Side 119:

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Ei viktig oppgåve for revisor er å gje sikkerheit for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekkje og førebyggje feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å førebyggje og avdekkje feil og mislege handlingar.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Side 124:

Revisjonsplanen

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Side 125:

Løpande orientering

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapen, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 048/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/315
---	-------------------------------------	-------------------------------

Reglement for kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.dato 17.11.2014	Tittel Framlegg til reglement for Eid kontrollutval	Dok.ID 871
-------------------------------	---	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret)

Framlegg til reglement for kontrollutvalet datert 17.11.14, vert vedteke.

...

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat arbeider med ajourføring av reglement for kontrollutvala i dei 15 kommunane som vi yter tenester for. Vi tek sikte på at alle utvala skal ha oppdaterte reglement før valet hausten 2015.

For Eid sin del, har vi ikkje funne tidlegare reglement i våre papir. Vi har også hatt kontakt med kommuneadministrasjonen med spørsmål om dei har slikt reglement tilgjengeleg. Så langt har vi ikkje fått tilbakemelding. Det har i alle høve vore endringar mellom anna i kommunelova dei seinaste åra slik at også dei reglementa som er eldre enn ca 3 år bør reviderast. Sekretariatet meiner difor det uansett er ønskjeleg å ta opp sak om reglement for kontrollutvalet.

Sekretariatet rår til at det vert vedteke reglement for Eid kontrollutval etter same mal som dei fleste andre utvala i dette området. Ved å følge [denne lenka](#), finn de oversikt over reglement i «SEKOM-kommunane».

Framlegget til reglement er først og fremst ei formalisering av det som pr i dag er arbeids- og ansvarsområde.

Dato: 17.11.2014
Vår referanse: 14/733
Arkiv: FE-033, Komnr-1443

Framlegg til reglement for Eid kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 5 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller

bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggjast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 049/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/207
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvalsarbeid – tiltak (15/10)	23.11.10	23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av vedtak (08/14)	28.04.14	Vedtak: Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Oppfølging av vedtak, vert teke til vitande. Leveringsfrist: 1.10.2014 29.04.2014 sendt til Kommunerevisjonen Kontrollutvalet ynskjer info på møte 10.9.2014 Tinginga handsama i sak 08/14, 28.1.2014 og sendt Kommunerevisjonen same dag. 10.9.2014: Informasjon om status ved revisjonssjef Markvard Sunde. Handsamast på neste KU-møte 25.11.14
Masseuttak Eid kommune (25/14)	12.6.2014	Vedtak: Orienteringa vert teke til vitande Saka vert teke opp att i april 2015.

		Handsama tidlegare i sak: 048/12 i møte 27.11.2012 Ba om rapport 004/13 i møte 27.02.2013 Orientering 036/13 i møte 10.09.2013 Orientering
Budsjett for Eid kontrollutval 2015 (40/14)	10.9.2014	Vedtak. 11.9.14: Sendt til Eid kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 25.11.2014	Saksnr 050/14
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/285
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).